



Det har no lenge vore igang ymse gravearbeid ved brua og folk undrar på kva som eigentleg går føre seg der. Stutt sagt er det eit samarbeidsprosjekt med 4 partar, får uskedalen.no opplyst i Kvinnherad Maskin.

Det starta med fare for at kloakken skulle gå tett og renne ut i elva og Kvinnherad Maskin la ny kloakk.

Men då noko måtte gjerast med kloakken var det naturleg å gjera meir sjølv om det i stor grad måtte improviserast utan teikningar.

Kraftlina er lagt i bakken og vassforsyninga til Skårhaug ordna av vassverket utan vederlag frå oppsittarane. Det er også lagt overvassleidning.

Kvinnherad Breiband har vore partner nummer 4

Så no går det vel ei stund før det vert naudsynt med meir graving i dette området?? Truleg burde ei slik samordning skje oftare. Her har mottoet tydelegvis vore 'Alt i eitt rør'.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen